

Fotballgruppa

Årsmøtet 2001 vart halde i Klubbhuset 2 feb. 2001

Styret har i meldingsåret vore:

| | |
|-------------------|-----------------------|
| Johannes O. Borge | -leiar |
| Frank Skjerping | -nestleiar / skrifvar |
| Tore Langeland | -kasserar |
| Britt Lillefosse | -materiell |
| Svein Veseth | -anlegg |
| Birthe Hatland | -leiar økonominemd |
| Helge Låstad | -leiar sportsnemd |
| Jens Lillefosse | -observatør |

Styret har hatt 11 styremøter og handsama 86 saker. Eit fellesmøte med Fotlandsvåg IL.

Me hadde eit utvida styreseminar i Strandebarm 10 – 11 feb. 02.

Leiar møter på styremøta til hovudstyret OIL. Styret har gjennomført Fotballeiarkurs del 1. Medlemstalet er 245.

Me har hatt 14 lag påmelde i serien. 6 av desse har vore felleslag Osterøy / Fotland.

Laga har i tillegg til serien deltatt i ein del cupar i: Vestlandshallen, Bygdanytt, Bjørnar, Kiwi. Gutelaget har vore på Danmarkstur der dei deltok i BIF-cup. Kjempetur!

Her har og vore eit godt sportsleg nivå på dei aldersbestemte laga.

A-laget har klart seg godt i 3.divisjon etter opprykket i fjor. Dei har spelt heimekampane i Fotland pga. banesituasjonen på Hatland.

OIL har endeleg fått lagd gras på Osterøy Stadion. I tillegg har det vorte etablert ei midlertidig avlastingsbane v/ Osterøyhallen. Arbeidet med ny treningsbane med kunstgras i Fugledalen er kome godt i gang.

Fotballgruppa har arrangert 2 bryggjedansar, 2 dansegalla, lotteri, loppemarknad, Bygdanytt-cup og Ribbecup. Siste dansegalla i Osterøyhallen vart ein knallsuksess og gav oss eit kjempeoverskot. Dette i tillegg til sponsorane våre gjer at me kjem i havn økonomisk sett med eit solid overskot.

Fotballgruppa har hatt stor aktivitet i året som gjekk, sportsleg, arrangementmessig og på anleggsida. Dette er berre mogeleg avdi her er mange som er med og gjer ein innsats for fotballen

Takk til sponsorar, tillitsvalde, aktive, støtteapparat, dugnadsfolk og andre som tar i eit tak når det trengs.

Styret.